

# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2021

26. ÅRGANG



*Foto: Audbjørg Gjerde Lippert*

## God Påske!

# Påskas mysterium

Av Ingvild Venås Sánchez

Eg ønskjer at dei må få nytt mot i hjartet, bli knytte saman i kjærleik og nå fram til heile rikdomen av overtyding og innsikt, så dei kan fatta Guds mysterium, som er Kristus. Kol 2,2

I den tida vi er inne i med situasjonen i verda med pandemi og anna elende, er det lett å kjenne seg motlaus. Då er det godt at vi har ei kjelde å gå til utanfor oss sjølve. Når det er vanskeleg å sjå at situasjonen vi er i skal bli betre, er det godt at vi kan finne trøyst og nytt mot hos Gud.

Paulus skriv at han ønsker at dei i Laodikeia skal få nytt mot i hjartet, bli knytte saman i kjærleik og få hele rikdommen av overtyding og innsikt, så dei kan fatte Guds mysterium, som er Kristus. Det synest eg er eit fint ønske for oss alle. Smak på orda:


**NYTT MOT i hjartet, saman i kjærleik, få overtyding og innsikt, slik at vi kan fatte Guds mysterium, som er Kristus. Det vil seie JESUS.**

Gud hadde ein plan heilt frå tidenes morgen. Profetane som levde i Israel i gammal-testamentleg tid fekk vite om ein som skulle komme, ein redningsmann som skulle redde folket sitt og vere til velsigning for heile verda. For dei var det eit mysterium, noko som enno var skjult og som låg fram i tid.

For oss er det eit mysterium som ligg bak oss i tid. Gud sjølv kom til jorda og vart mennesket Jesus, men med tittelen Kristus. Kristus er eit annet ord for Messias. Messias tyder «den som er salva», og var eit ord brukt om kongar. Jesus var ikkje berre menneske, han var Gud og menneske. Jesus er konganes Konge. Jesus er kongen vår, som kom for å redde oss. For dei som ikkje trur på Jesus, kan det verke tåpeleg å snakke om ein konge som døde på eit kors. Men Jesus døde på korset for at kvar den som trur på han skal få evig liv og vere Guds barn. Det er Guds kraft for kvar den som ønsker å ta imot han. For ordet om krossen er därskap for dei som går fortapt, men for oss som blir frelse, er det Guds kraft. 1 Kor 1,18. Jesus leid på korset og tok på seg all den lidninga som finst i denne verda. Slik at du og eg skal ha fred med Gud. Slik at vi kan vere Guds barn og Jesu venner.

No går vi inn i påsketida, som mange gjerne forbind med ferie og krim. Då kan vi og få minnast at den aller viktigaste krimforteljinga finn vi i Bibelen. Påskas mysterium er Jesus. Jesus er den som fullfører redningsplanen til Gud. Han gjer oss til arvingar til sitt rike. Vi er frie, kjøpt med Jesu blod.

Vi har fått tilgjeving for alt, og vi har blitt velsigna med all Åndas velsigning. Så kan vi få lov til å gå inn i denne påska og ta imot den velsigninga vi har fått gjennom det Jesus har gjort for oss. Vi har fått av den krafta som reiste Jesus opp frå døden, og det er jo litt av eit mysterium eigentleg det og. Fantastisk, og nokre gonger vanskeleg å forstå. Det er godt at vi kan få nytt mot og kraft med denne krafta som Gud har som er sterkare enn døden. Så kan vi få be denne bøna, som Paulus bad for kyrkjelyden i Filippi:



Eg bed om at vår Herre Jesu Kristi Gud, herlegdomens Far, må gje dykk visdoms og openberrings Ande, så de lærer Gud å kjenna. Må han lysa opp auga til dykkar hjarte, så de får innsikt i kva håp han har kalla dykk til, kor rik og herleg arven er for dei heilage og kor overveldande hans kraft er mellom oss som trur. For hans makt og styrke er veldig. Med denne krafta reiste han Kristus opp frå dei døde og sette han ved Guds høgre hand i himmelen, over alle makter og herredøme, over alt velde og alle som styrer, og over kvart namn som nemnast kan, ikkje berre i denne tidsalderen, men òg i den komande. Alt la han under hans føter, og han som er hovudet over alle ting, har han gjeve til kyrkja, som er Kristi kropp, fylt av han som fyller alt i alle.

Ef 1, 17-22

**Ha ei velsigna god påske!**



# «Jeg råde vil alle»

## - forteljinga om ein folketone frå Innfjorden

Av Einar Gridset, i Menighetsblad for Rauma nr. 2, 2019 (nettversjonen)

«Kommer hit mine Venner som lyster at høre, Jeg vil nu for  
Eder fremføre en Sang»

Det var ved ei markalø på Holte, framme i Innfjorden, at komponisten og folktonesamlaren Catarinus Elling for godt og vel 100 år sidan høyrd og skreiv ned denne songen og tonane etter Eli Wiik, eller Storhjell-Eli som ho helst vart kalla. Tonen som i vår tid både har vore brukt som filmmelodi i fjernsynet, og som liketil var på Norskstoppen i si tid; vel å merke med ei heilt anna tekst; er ein folketone frå våre romsdalske bygder.

«Jeg vil råde alle i ungdommens dager ... » er det einaste av dei mange opprinnelige versa som blir brukt i dag. Kven forfattaren var, veit ingen. Mads Rø på Aukra gav ut denne songen saman med fleire songar, utan at kjeldene vart oppgjevne. Somme har difor trudd at han var forfattaren, sjølv om det ikkje stemmer. Mykje av innhaldet i dei 10 versa han hadde med, høvde med livsinnstillinga på slutten av hans korte liv. «Jeg tenkte at springe på roser og liljer, men verden medfører ei sådanne kår . . . »

Så skulle det vise seg at songen var komen på trykk i Lillehammer med i alt 15 vers medan Mads Rø endå var ein gutunge. Fleire av desse versa peikar på ei særslig ulykkeleg kvinne som ikkje har lenge att på jorda.

Til innviing av eit bedehus i Vestfold i 1935 skreiv Einar Skaatan tre nye vers. Slutten av det opprinnelige verset vart brukt som refreng på dei nye versa som vart lagt til. Og med dette er songen vorte den vekkelsessongen som har tona frå landsende til landsende.



Eg har kjent mange som med glede mintest at Eli song denne songen, og at mannen Ola spela fele til.

Det var på husmannsplassen Storhjellen under garden Hjelden, at dei brukte sine velføringskretser. Seinare flytta dei med seg stova til Bø, der dei budde resten av livet.

Eli og Ola var mellom dei som lenge blei hugsa fordi dei brukte sine evner og gaver som Gud gav dei, til rik signing for mange. Nokon materiell arv hadde vel ingen av dei fått, men ein kunstnararv både i musikk og handverk. Eli var dotter til smeden 'Ellan Dalå' og Ola til målaren og treskjæraren 'Ola Vikjhjella'.

Om mykje er borte av det som Eli og Ola bygde opp i si tid, er noko likevel att. Eli har kvilt i si grav i 70 år, og Ola endå lengre. Songen «Jeg råde vil alle» er deira arv til heile kristen-Norge. (- -)

\*\*\*\*\*

*Redaksjonen i Kyrkjeblad for Vestnes vil gjerne dele denne artikkelen frå ei nær nabobygd med leserane våre. Og vi oppmodar alle om å gå på YouTube og høre på nokre av dei mange og musikalsk sett svært ulikt framførte versjonane som ein kan finne der. Der finn du både tradisjonelle solo- og korversjonar, og ulike arrangement heilt over til ein spenstig flamenco-versjon som står seg godt i 'buketten'. Du får i eit førtids innspelingar høyre internasjonale, nasjonale og lokale artistar - det nærmeste er vel Tomrefjord songlags Jubileumskonsert 2015. Det vitnar om krafta i Jeg råde vil alle -.*

# Vågstranda kyrkje og sokner

Ved Atle Astrup, leiar Vågstranda sokneråd. Foto Atle Astrup



Vågstranda kyrkje, foto Tormod Lien.

Vågstranda kyrkje og sokn vart frå 1. januar 2021 ein del av Vestnes, då Vågstranda og Hjelvika gjekk over til Vestnes kommune.

Kyrkja vil framleis vere ein samlingsstad for kyrkjelege handlingar: Gudsteneste, barnedåp, konfirmasjon, bryllaup, gravferd, men også andre arrangement.

Kyrkja er ein viktig stad for bygdefolket ved alle store høgtider i året, som jul, påske, pinse og nasjonaldagen.

Sidan 1970 har det skjedd ei markant endring av "innhaldet" i kyrkja. Det er lagt meir vekt på nærleik mellom prest og kyrkjelyd, og ikkje minst borna, ved at presten ikkje nyttar talarstolen ved alle gudstenester, men står nede i koret.

Det har blitt praksis å servere saft, kaffe og kaker i kyrkja etter gudstenesta, noko som vart sett i gang av soknerådet for nokre år sidan. Det er eit fint tiltak, der kyrkjelyden får ein prat etter gudstenesta. Dessverre har koronanen ikkje gjort det mogleg no.

Vågstranda sokn hørde før 1870 til Veøy sokn, men var før Mittet, Holmemstranda og Nesjestranda med å få si eiga kyrkje i 1870. Kyrkja er ei langkyrkje i lafta tømmer, hogd i Trøndelag. Kyrkja vart sett opp i Trondheim som råbygg, plukka ned med merka stokkar og reist att i Vågstranda.

Kyrklokka vart støypt på Bolsøya av Christensen. Orgelgalleriet er i vestenden av kyrkja og korgolvet er heva to trinn over golvet i skipet.

Koropninga er utprega nygotisk med spissbogar. Altertavla er i tre delar, som eit triptykon og illustrerer himmelfarten. Døypefonten er av tre.

Eit orgel (harmonium) frå 1923 vart i 1973 bytta ut med eit seks stemmers pipeorgel frå Vestre orgelfabrikk.

Den 13. september 2020 feira kyrkja 150-årsjubileum med besök av biskop Ingeborg Midttømme i lag med prost Erling Nevlund og diakon Emy Benjamis. Konfirmantane for 2021 vart presenterte. Grendalaget stod for musikalsk innslag både i kyrkja og på skulen etter gudstenesta, der det vart servert kaker, smørbrød og kaffe.

Det vart utgitt eit hefte til jubileet, der skriftet for 100 årsjubileet i 1970 også var lagt inn.

Soknerådet i Vågstranda vart konstituert i desember 2019 og er valt for 4 år.



Korenden i kyrkja.

Diakon Emy Benjamis har følgt soknerådet på alle møter og har vore til god hjelp for oss. Emy fekk godkjenning frå biskopen til å vere fungerande prest i soknerådet. Ho seier det har vore eit spesielt år for oss alle i 2020. Korona har lagt ein del hindringar i vegen for fri utfalding, men jubileet i 2020 vart avvikla som planlagt, og ved årsskiftet gjekk soknet over til Vestnes kommune.

Emy skal følgje dei fire konfirmantane i Vågstranda fram til konfirmasjonsdagen den 11. september.

Soknerådet ser fram til eit godt samarbeid med Vestnes, og trur det kan bli mykke spennande som skjer framover.

# åd, nytt sokn i Vestnes

Nedanfor, ein liten presentasjon av Vågstranda sokneråd og dei tilsette i Vågstranda kyrkje



Atle Astrup,  
leiar i soknerådet.



Liv Astrup, vara i soknerådet og fellesrådet og kyrke-  
tenar Tormod Lien, med det nye prosesjonskorset.



Knut Asle Vik,  
fast medlem i  
soknerådet.



Jørgen Strømme,  
klokkar.



Emy Benjamis,  
diakon i Rauma. Med i  
soknerådet før 2021.



Jenny Vikås, vara i  
soknerådet og fast  
medlem i fellesrådet.



Ragnhild Marianne  
Pedersen, kasserar i  
soknerådet.



Inger M. Talberg,  
fast medlem og referent.  
Er også med i  
diakoniutvalet.



Cato Hansen,  
vara i soknerådet  
og trusopplæring.



Oddbjørg Strømme  
Andersen, nestleiar i  
soknerådet

# Min påskesalme

Ved Arnfinn Stige

Påska er for meg ei kristen høgtid som fyller meg med sterke kjensler, frå det tunge og alvorlege til det lyse og høgstemte. Frå tenåra og heilt til vaksen alder har eg vore på kristne leirar i påska, dei fleste av dei på Vestheim, etter kvart vart det på Bjorli også. Tre ord kan beskrive påskekjensla for meg.

**Friluftsliv**, dvs skiturar. Særleg på ungdomsleirane på Bjorli var det mykje tid til flotte skiturar. Men i mine gutedagar var det faktisk vanleg å leige buss for heile Vestheim-leiren til Ørskogfjellet.

**Fellesskap:** Ein av dei tinga som lokka med leir var jo å treffe vene og få nye. Mange av mine beste vene i livet fekk eg på leir.

**Forkynning:** På påskeleirane var sjølv sagt bodskapen om det som skjedde i påska viktig. Det vart formidla at dette var noko som galdt oss, ikkje berre ei forteljing.

«Min» påskesalme beskriv så godt det påska er for meg.

«Du tok vår synd, vår død og dom. Du bar det til din kross.....så går eg frelst og glad»



## Den stunda i Getsemane

*Den stunda i Getsemane eg aldri gløyma kan,  
Då du låg skjelvande på kne, min Gud og Frelsarmann.*

*Kor: Getsemane, Getsemane, der du, min Frelsar god,  
For meg låg skjelvande på kne så sveitten draup som blod!*

*Du sorgtyngd inn i hagen kom og stridde sårt for oss.  
Du tok vår synd, vår død og dom, du bar det til din kross.*

*Av kjærleik der du sveitta blod, av kjærleik der du bad,  
Av kjærleik skjelvande du stod, så eg går frelst og glad.*

*Men vil min kjærleik kolna av, min Frelsar, eg deg bed:  
Å, minn meg om din kross og grav og om Getsemane!*

Tekst: Edward Payson Hammond (1866)  
(vers 3 av Johannes Andreas Barstad 1889.  
Bernt Støylen 1906)

## Berre to nummer av Kyrkjebladet i 2021

Redaksjonskomiteen i samråd med sokneråda har kome fram til at vi av ulike grunnar diverre ikkje kan gje ut meir enn to nummer dette året. Neste utgåve blir julenummeret, som vi reknar med vil kome litt tidlegare enn før, om lag midt i november. Korleis det blir neste år, om det blir to eller tre nummer, veit vi ikkje enda.

## Open kyrkje i Tresfjord

Tresfjord kyrkje vil gi turistar og andre interesserte høve til å komme inn og sjå kyrkja også kommande sommar. Det vil vere info på oppslagstavla ved kyrkja med telefonnummer dei kan ringe for å få omvisning.

Tore Bjermeland 48022496

Martinus Løvik 91377388

Hans Sylte 95878520

Lars Helge Eidhamar 91772144

Ellen Andreassen, leiar soknerådet

## Innsamling til teppe i Vestnes kyrkje

I fjar haust vart ikkje den tradisjonelle kyrkjebasaren og balldagen gjennomført. I staden starta Vestnes sokneråd ei innsamling til nytt teppe i midtgangen i Vestnes kyrkje og til fleire utebenkar på Vestnes kyrkjegard. Fire nye vedlikehaldsfrile benkar laga av TreMek var på plass før jul. Takk til dei som har gitt og bidratt til det!


Neste år blir kyrkja 150 år, og til den tid hadde det vore fint å ha ferdig eit nytt teppe. Det står att litt for å nå det målet. Har du lyst til å bidra, så har du enda høve til det enten med Vipps 627426 eller til kontonummer 3910.22.42703. For å få fråtrekk på skatten, må gåver vere over kr. 500,-.

Håvard Skrede

# Det e nåkk no!

Martinus Løvik

I ein artikkel i Vestnes sogelags årsskrift 2020 om kvardagsmaten i Hansgarden på Sætre rundt 1950, kan me lese om den gamle bestefaren som pla seie 'Det e nåkk no' når barnebarna la for mykje pålegg på brødet. Gamle Elling sa ikkje dette fordi han var 'pininn' og ikkje unte ungane maten, han sa det fordi han var del av ein gammal jordbrukskartradisjon. Les me Asbjørn Sæbøs vesle bok om matstallet i Måndalen før i tida, finn me det same, på gammal Måndals-dialekt. La nokon for mykje kjøt eller flesk på flatbrødet, fekk dei høyre at «Du rektet syle de no» (du retteleg tek for deg av sulen no). 'Sul' var det gamle namnet på 'luksusdelen' av maten - kjøt og flesk til flatbrødet, og far min (fødd 1899) brukte det også om pålegg på brødkiva og god saus til maten.



'Det e nåkk no' sa dei gamle til barnebarna som skulle lære seg det vi i dag vil kalle berekraftig bruk av matressursane på garden. Dei gamle kjente grensene for kor mykje jorda og garden kunne gje, og forsto at dei måtte vere måtehaldne og ikkje overforbruke. Måtehald var nødvendig for at det skulle gå bra i det lange løpet. Dette vart innprenta frå generasjon til generasjon, ikkje minst ved matbordet - det var ved matbordet 'konsumet' fann stad i gamle dagar. «Det e nåkk no!»

I vår tid vert det visst ikkje rekna for politisk korrekt å seie «De e nåkk no!». No vert me i praksis heller innprenta «Løp og kjøp!» Me skal berre forbruke meir og meir, økonomien skal vekse i det uendelege, utan tanke på kva jorda vår kan leve utan å bli øydelagt. Reklamen og mykje av populærkulturnen stimulerer oss til auka konsum av alt me kan få for pengar, om me treng det eller ikkje. - Men når grensa for kva jorda greier er nådd og ressursane er tømde, vil ikkje auka forbruk for nokre vere mogleg utan at andre får redusert sitt forbruk. Og matproduksjonen - som anna produksjon - kan fort bli lite berekraftig og tømme ressursane for alltid.

Stundom tenkjer eg at kanskje burde me overlate leiinga av verda til folk som har vakse opp med å dyrke jorda - slik det vart gjort før industrielt landbruk kom. Dei ville vonaleg hatt 'sunt bondevett' og skjønt at når alt kjem til alt lever me av det jorda kan gje oss - kanskje kan me òg dyrke havet på same måten. Og jorda må drivast slik at den kan produsere det folk treng også i framtida. Leiarar med sterke røter i tradisjonelt jordbruk ville - vel eg å tru - vite når «Det e nåkk no». Heller enn auka konsum for oss som reiser til Syden eller på storbyferie i utlandet tre fire gonger i året, burde den veksten som det enno måtte vere rom for i verdas forbruk gå til å gjøre livet betre for folk i dei fattige landa. Heller enn økonomisk vekst for dei rike, burde målet vere ei jamnare fordeling av ressursane. Veksten i dei 'rike' landa burde vere 'sidelengs' - ikkje auka forbruk, men auka livskvalitet. 'Sirkulær økonomi' er det noko som heiter. I motsetnad til den linjeforma vekstøkonomien me har i dag, har sirkelen som kjent ingen ende, den tek aldri slutt.

Etter styresmaktene våre sin strategiplan, skal me i Noreg ha dobla forbruket vårt fram til år 2060. Er det ingen som kan dra i naudbremsa? «De e nåkk no!», sa dei gamle. «De e nåkk no», seier Mor Jord. På ein gammal bordduk står det:

*Snøhvit duk er bordets pryd.  
Nøisomhet er livets dyd.*


# Porselenskunst på kyrkjegarden

Av Martinus Løvik

Kyrkjene våre er verdfulle kulturminne. Mindre påakta er det kanskje at også kyrkjegardane har mykje å vise fram og fortelje. Ikkje berre kan det vere gjevande å gå rundt og sjå namn og årstal på gravminna, mange gravminne er i seg sjølvé kunstverk eller i det minste typiske uttrykk for kva stil som var populær til ulike tider. For 'motane' har skifta, her òg.

Jarnkrossane tok over etter dei forgjengelege trekrossane, og har ei stor og rik historie. Så, etter at jernet saman med trekrossane hadde dominert kyrkjegardane eit hundre års tid, kom frå starten av 1900-talet støypte gravminne og kvitt 'porselen', og gravsteinar med ulik utforming.

'Porselenet' finn vi framleis i 'liten skala', særleg som fuglar eller små 'sørgjande englar' på gravene. Ofte er nok i våre dagar desse små porselensfigurane der berre som rein dekorasjon, men fuglane var opphaveleg dua, som symbol for Den Heilage Ande. Eit anna motiv som var etter måten vanleg særleg frå starten av 1900-talet og fram mot andre verdskriga, var eit lite Kristus-andlet med tornekrona, festa til ein Stein som gjerne var støypt, men det kan og vere marmor eller eit anna slag Stein.





Frå om lag same perioden som Kristus-hovuda, kan me finne porselensstatuar av typen «Sørgjande engel» som eit hovudelement i gravminnet. Stundom har engelen ein krans i handa eller eit kors som attributtar. Me har ikkje mange av desse gravminna på kyrkjegardane på sørssida av Romsdalsfjorden, men eit fint døme på eit 'sørgjande engel med kross'-gravminne kan me sjå på kyrkjegarden på Vike. Den sørgjande engelen på barnegravea under det store, gamle treet som breier ut greinene sine, er talande og uttrykksfullt. Eit liknande fint døme på eit 'sørgjande engel'-gravminne finn me på kyrkjegarden i Vestnes. Begge er frå tidleg 1900-tal.

Den porselenskunsten me nok ser oftast, er likevel «Dagen» og «Natta», laga i 1815 av den islandsk-danske bilethoggaren Bertel Thorvaldsen (1770-1844). Denne store kunstnaren, som nok er aller mest kjent for Kristusstatua han laga til Københavns Domkirke Vor Frue, og som det er kopi av på altaret i Veøy kyrkje på Sølsnes, modellerte to medaljongar som vi finn kopiar av på talrike graver. Jamvel nokre jarkors har dei, men ikkje på våre kantar. Det vanlege er ein kvit porselensmedaljong litt større enn ei handflate, gjerne på eit støypt gravminne. På Vestnes finn vi ein slik medaljong også på ein nyare Stein, kanskje flytta over frå eit eldre gravminne? Både «Dagen» og «Natta» er vanlege å sjå. Linjeføringa er så harmonisk og fin som berre Thorvaldsen kunne lage den.

«Dagen» syner ei kvinne som flyg mot høgre, med sola. Ho strør om seg med roser. På ryggen har ho eit barn som held ein brennande fakk. Dette er Aurora, morgonrauden si gudinne i romersk mytologi (Eos hjå dei gamle grekarane). Symbolikken kan vere vona om ein Ny morgen og etteroppstode, som me kjenner frå Bibelen og songar og salmar.

«Natta» syner ei kvinne som flyg mot venstre, motsols. Kring hovudet har ho ein valmuekrans, blomen me får morfin frå og som er eit symbol for søvn og død. Valmuuen er eit mykje nytta symbol også på støyperjarkrossane. I armane har Natta dei to borna sine, Søvn og Død. Saman med dei flyg ei ugle, eit symbol for natta og indirekte for døden, i tillegg til at ugle er eit symbol for visdom. Dette er ei påminning om at dagen, som symbol for livet, vil ta slutt og natta vil komme. Memento mori! - Hugs døden! Slik er «Natta» med omsyn til symbolikk nær til dei



gamle gravsymbola frå 1700-talet med daudingehovud og krosslagte bein, som vi no finn nesten groteske. «Natta» seier det same, men på ein vakker, nesten musikalsk måte.

Snart kjem våren for fullt, og me skal til å stelle gravene att. Då kan ein ha mykje att for å sjå seg litt rundt på kyrkjegarden, og særleg der det er nokre litt eldre gravminne. Namn og årstal fortel om slekters gang, men gravminna kan òg gje oss ei kunstoppleveling, og symbola talar som musikk rett til sjela om vi forstår dei.

*Se, tiden den skrider og dagen den lider,  
Og solen alt rødmer mot tidenes kveld.  
Det gjelder for alle på Herren å kalle,  
Det gjelder å gripe den salige del.  
(Jeg råde vil alle -, til folketone frå Innfjorda)*



# Stor suksess i Tresfjord!

## Tresfjord sokneråd - Open kyrkje på julafta 2020.

Det var mange innom kyrkja på juleaftan. Omlag 60-70 personar var innom i dei timane soknerådet hadde open kyrkje. Det var julemusikk frå cd-spelar, og det «toppa seg» når Ellen prest spela julemusikk frå pianoet. Kaffe og pepparkaker var sett fram.



Kyrkja var open frå kl.1200-1600. Det var både unge og eldre, og mange unge voksne. Mange var på grava og tente lys, og då var det fint å få komme inn i kyrkja. Her var tid for refleksjon, prat og stille stund. Mange nytta også høvet til ei vandring i kyrkja. Som kjent er det mykke å sjå på og studere i den fine kyrkja vår.

Til jul dette året håpar vi på å kunne samlast til vanleg gudsteneste igjen.

## Kyrkjeverja sitt hjørne

Bygdene Vågstranda og Hjelvika blei innlemma i Vestnes kommune frå nyttår av. I den samanheng fekk vi også ei kyrkje til i kommunen vår, Vågstranda kyrkje. Vi ynskjer innbyggjarane der hjarteleg velkomne, og gled oss til eit godt samarbeid framover.

Det er framleis strenge restriksjonar vi må forhalde oss til på grunn av Korona-viruset som enno herjar landet vårt. I skrivande stund (medio februar) kan berre 10 personar samlast til kyrkjelege arrangement. Unntaket er gravferder der vi kan ha 50 deltakarar. Dette set strenge grenser for kva vi kan utføre av ulike tiltak. I skrivande stund er det berre dåpsgudstenester med inntil 10 personar og gravferder vi gjennomfører av åpne arrangement. I tillegg har vi interne samlingar innafor barne- og ungdomsarbeid med påmelding frå dei som skal vere med. Vi håper at no, når vaksineringa er i full gang, så kan vi etterkvart kome tilbake til ei meir normal gjennomføring av våre arrangement.

Vestnes kommune har godkjent finansiering av tre investeringsprosjekt for kyrkjene i Vestnes i 2021. Vågstranda kyrkje vil no få brannalarmanlegg som er direkte kopla til 110-sentralen. Vi får også investert i ein ny traktorklippar til Vestnes kyrkjegard. Den er anvendeleg, og kan også brukast til å måke snø om vinteren. Den tredje investeringa for dette året er renovering og omtoning av orgelet i Vestnes kyrkje. Da vil vi få eit godt oppgradert orgel til kyrkja sitt 150-årsjubileum i 2022. Det er same firma som stod for renoveringa av orgelet i Tresfjord kyrkje for eit par år sidan som skal gjere dette arbeidet.

Eg vil ynskje alle lesarar ei riktig god påske, og ber om at de følgjer med på vår heimeside, vår facebookside og lokalavisene om når og til kva tid dei ulike gudstenestene startar opp att.

Olav Egil Tomren

# Glimt frå Trusopplæringsarbeidet

Av Ingvil Venås Sánchez

No som det er opna opp igjen for barne- og ungdomsarbeid, har vi og starta opp att med arrangement innanfor trusopplæringsarbeidet. I februar og mars har vi hatt tårnagentar i dei forskjellige kyrkjene. Først ute var Tårnagentane i Tresfjord kyrkje. Det var 10 born i alderen 8-9 år som fekk sjå kyrkjemønsterne, vere agentar i kyrkja og høre om Guds mysterium: Jesus.



Tårnagentjengen i Vågstranda.

Foto: Tormod Lien.



Utdeling av tårnagentbevis.



Spanande å sjå klokken, her er ein tårnagent under den eine klokka i Tresfjordkyrkja.

Babysong har òg starta opp att. Her kosar dei små seg med musikk, song, fargar og rytmeinstrument. Kjekt for både store og små. Vi har samling annankvar tysdag kl. 11.00 i kjellaren på kyrkjemønsteret på Myra. Sjå heimesida [www.vestnes.kirken.no](http://www.vestnes.kirken.no) for datoar.



Oppmerksomme og undersøkande små!

# Susan måtte drikke vatnet ho vaska klede i

Tekst: Anette Torjusen

Vi er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktingar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

## Tunge kanner

- Mangel på vatn gav oss mange helseproblem. Elva var vår nærmeste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Vi var veldig ofte sjuke, fortel ho.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timer måtte ho bruke for å hente reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og laga mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

## Brønn som endra alt

- No treng vi ikkje lenger å gå langt for å hente vatn. Takka vere Kirkens Nödhjelp har vi fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for!

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nödhjelp. Våren 2018 bora vi ein brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vassystema vi bygger. Innbyggjarane er med på å tilrettelegge, og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring:

- Eg er redd for å bli smitta når av Corona når mange av oss er samla. Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa.  
- Mitt håp er at det blir bora fleire brønnar, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn og vi kan ha god avstand for å unngå smitte!

Fasteaksjonen blir digital også i år. Du kan bidra når kyrkjelydane og konfirmantane i Vestnes skal gjennomføre årets innsamlingsaksjon, ved å sende ei gave til kontonummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller sms VANN til 2426 (250,-)



Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruke mykje meir tid på å dyrke cassava og mango.

## Nye telefonnummer til kyrkjekontoret

Fra april månad er det slutt på fasttelefon på kyrkjekontoret.

Så no må kvar enkelt ringast på dei mobilnummerna som står i kontorspalta.

Vi håper at dette ikkje fører til problemer for folk.

Mvh Staben på kyrkjekontoret



# Ny raud bøtte for spesialavfall på Vestnes kyrkjegard

Det er no 4 forskjellige typar søppeldunkar på Vestnes kyrkjegard. Rett før jul fekk vi 2 rauda bøtter for spesialavfall, der blant anna *batteri fra gravlykter* kan leggjast. Det biologiske avfallet som blomar, jord, lauv og gras, skal skiljast frå anna restavfall.

I tillegg har vi og fått ein eigen dunk for plast der for eksempel reine blomsterpotter og anna plast kan leggjast. Vi vil oppfordre alle til å sjå godt på dei nye informasjonslappane og prøve å få søppelet i den rette dunken.



## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

**John Sylte**, sokneprest  
Telefon 91865064 (privat)  
E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

**Reidun Blø**, kontorsekretær  
Telefon: 94162548 (jobb)  
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

**Olav Egil Tomren**, kyrkjeverje  
Telefon: 94169153 (jobb) / 91629416 (privat)  
E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

**Ellen Schiøtt**, sokneprest  
Telefon: 92046870 (jobb) / 92046814 (privat)  
E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

**Ellen Edvardsen**, diakon  
Telefon: 94160429 (jobb) / 97499175 (privat)  
E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

**Ingvild Venås Sánchez**, trusopplærar  
Telefon: 94142364 (jobb) / 41472908 (privat)  
E-post: ingvild.venas@vestnes.kommune.no

**Jostein Maude**, kantor: Telefon: 92226151  
E-post: jostein-maude@hotmail.com

**Geir Falch**, kyrkjeterar: Telefon: 90217404

**Nina Kvernmo**, konfirmantlærar  
Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

**Heimeside til kyrkjene i Vestnes:**  
[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Martinus Løvik,  
Nils-Berge Sundfør og Reidun Blø

**Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes**

\*

***Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.***

**Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.**

**Kontonummer: 4056.20.62124**

**Kyrkjebladet har fått Vipps.  
Vippsnummeret er: 511986**

**Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.**

# Konfirmantar i Vestnes kommune hausten 2021

## Vestnes kyrkje

11. og 18. september

### Vestnes konfirmantar

William Henriksen Alnes  
Olivia Pia Frisk Azour  
Emmi Bøen  
Jakob Coppik  
Sigrid Ellingseter  
August Lien Engeset  
Lisa Johanne Flate Falch  
Oliver Rønning Fredly  
Emilie Sofie Furland-Overå  
Mats Finsveen Hagen  
Sara Hjeldnes  
Linnea Sophie Domaas Hoem  
Hannah Hoem  
Theodor Holm Hornberg  
Eirik Skar Hurlen  
Erik Øverås Jarnes  
Ingfrid Klokset  
Nora Vik Letrud  
Ragnhild Lien  
Mathilde Gjelsten Løken  
Andreas Hamnes Lønset  
Oscar Rekdal Misfjord  
Nikolai Eik Moland  
Vilde Orvik  
Sivert Løvik Osdal  
Eirik Lied Sæter  
Martin Bråten Sande  
Solveig Tomren Slemmen  
Isak Vikås Steen  
Eljana Ann Aya-ay Stokkeland  
Julie Marie Frostad Vestnes  
Magnus Severin Volland  
Emma Wierper-Larsen

## Vågstranda kyrkje

11. september

### Vågstranda konfirmantar

Mari Gisnås-Bråten  
Leona Dis Stiansdottir Pedersen  
Iben Linnea Pedersen Svendson  
Iselin Kildal Talberg

## Vestnes kykje 4. september

### Tomrefjord konfirmantar

Casper Rolf Hellström Andreassen  
Anthonie Eiken Faksen  
Cecilie Dolpen Falch  
Hedda Lyneè Finnvik  
Malin Gjengstø Frostad  
Jacqueline Angelica Madsen Furland  
Julie Grønningsæter  
Even Sørøy Johannessen  
Julie Kristin Tennøy Kjelsvik  
Kristoffer Nerås Liabø  
Anna Maria Lufall  
Celina Emilie Sandnes  
Sophie Kleiva Skogvoll  
Henrik Leao Crispim Tomren  
Vilde Hestenes Tomren  
David Vestre  
Sara Vik

## Vike kykje 4. september

### Vike konfirmantar

Håvard Eiknes Abrahamsen  
Solveig Grace Maier Eidhamar  
Hanna Vik Eiknes  
William August Wessel Gallagher Gjermundnes  
Johannes Olav Lyakhovyn Krogseth  
Bendikt Leikarnes  
Sverre Olgar Lindset  
Marte Ødegård Løvik  
Mathias Nerheim Smisetfoss

## Fiksdal kyrkje 18. september

### Fiksdal konfirmantar

Mats Stene Eik  
Laura Kiara Merten  
Cornelia Marken Vikås  
Stein Håvard Vike Bø

## Tresfjord kyrkje 28. august

### Tresfjord konfirmantar

Lukas Bruaset  
Gabriel Jökull Brynjarsdóttir  
Aldine Jakobsen Sylte

# Slekters gang

## Vestnes kyrkje

### Døypte:

- 24.01 William Aaland Sivertsen  
24.01 Liam Lervik  
07.02 Ingrid Baade Fiksdal

### Vigde:

- 05.12 Janica Garcia og  
Frederick Aas Nilsen

### Døde:

- 18.11 May Karin Engeset  
21.11 Magny Bergitte Sæterøy  
20.12 Nils Jofred Gjerde  
01.01 Kari Margrethe Sagen  
05.01 Anne Cathrine Røgeberg  
07.01 Peder Ingvald Hjelvik

- 10.01 Ingeborg Vik  
06.02 Sigrun Akselvoll  
12.02 Birger Lilleheim  
12.02 Lars Joakim Haavik Gaustad  
21.02 Oddlaug Hjelvik  
03.03 Marit Gjelsten

## Vike kyrkje

### Døypte:

- 29.11 Felix Smogeli Merli

### Døde:

- 13.12 Håkon Mathias Lyslo  
23.01 Gerd Norlaug Lindset

## Fiksdal kyrkje

### Døypte:

- 26.12 Eira Sofie Utgård Vik  
03.01 Sofia Andreassen Bell  
14.02 Milan Male

### Døde:

- 28.11 Marit Christensen  
30.12 Harry Godønes

# Gudstenester i Vestnes

*Det kan bli endringar i gudstenestelista i forhold til koronarestriksjonar.*

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten.  
I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: [www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

### 28. mars Palmesøndag

Vågstranda kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

### Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til  
Sjømannskyrkja.

### 01. april Skjærtorsdag

Tomresetra,  
varmestova kl. 12.00  
Sportsandakt.  
Takkoffer til Blå Kors i Norge.

### Vike kyrkje kl. 18.00

Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

### 02. april Langfredag

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse.  
Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

### Vestnes sjukeheim/

Stella Maris kl. 16.00  
Nattverdsgudsteneste.

### 04. april Påskedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet i  
Etiopia.

### 04. april Påskedag

Fiksdal kyrkje kl. 13.00  
Høgmesse.  
Takkoffer til Israelsmisjonen.

### 05. april 2. påskedag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse.  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

### 11. april 2. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

### 18. april 3. s. i påsketida

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Tomasmesse.  
Takkoffer til Sandomstiftelsen.

### 25. april 4. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

### 02. mai 5. s. i påsketida

Vike kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse. Takkoffer til  
Misjonsprosjektet i Nepal.

### 09. mai 6. s. i påsketida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse.  
Takkoffer til Kyrkjestova.

### 13. mai Kristi himmelfartsdag

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

### 17. mai Nasjonaldagen

Fiksdal kyrkje kl. 10.00  
Gudsteneste.  
Takkoffer til NKSS.

### Tresfjord kyrkje kl. 10.30

Gudsteneste. Takkoffer  
til Kirkens Bymisjon.

### Vestnes kyrkje kl. 11.45

Gudsteneste. Takkoffer  
til Kirkens Familievern.

### Vike kyrkje kl. 12.00

Gudsteneste. Takkoffer  
til Kirkens Nødhjelp.

### Vågstranda kyrkje kl. 12.30

Gudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

# Gudstenester i Vestnes

## framhald fra side 15

- 23. mai Pinsedag**  
*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til Samarbeid menighet og misjon Møre.
- 24. mai 2. pinsedag**  
*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Kyrkjestova.
- 30. mai Treeiningssøndag**  
*Korsstøneset, kl 12.00 Friluftsgudsteneste.*  
Takkoffer til Akerlehaugen.
- 06. juni 2. s. i treeiningstida**  
*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til Søndagsskulen Romsdal krets.
- 13. juni 3. s. i treeiningstida**  
*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 20. juni 4. s. i treeiningstida**  
*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Join good forces.
- 27. juni 5. s. i treeiningstida**  
*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.
- 11. juli 7. s. i treeiningstida**  
*Vestens kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Tro og medier.
- Stall Kjersem kl. 16.00**  
Friluftsgudsteneste. Takkoffer til Amatea.
- 18. juli 8. s. i treeiningstida**  
*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Bibelselskapet.
- 25. juli 9. s. i treeiningstida**  
*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 29. juli Olsok**  
*Tresfjord kyrkje kl. 17.00*  
Olsokgudsteneste. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 01. august 10. s. i treeiningstida**  
*Vike kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Kyrkebladet.
- 08. august 11. s. i treeiningstida**  
*Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00*  
Friluftsgudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 15. august 12. s. i treeiningstida**  
*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til KFUK-KFUM Møre og Romsdal.
- 22. august 13. s. i treeiningstida**  
*Vike kyrkje kl. 11.00*  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til KRIK Vestnes.
- Tresfjord kyrkje kl. 13.00**  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali.
- 28. august Laurdag**  
*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Takkoffer til trusopplæring i soknet.
- 29. august Vingardssøndag**  
*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- Vestnes kyrkje kl. 13.00**  
Konfirmantpresentasjon.  
Takkoffer til eige konfirmantarbeid.
- 04. sept. Laurdag**  
*Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30*  
Konfirmasjon Tomrefjord, 2 gr.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- Vike kyrkje kl. 11.00**  
Konfirmasjon. Takkoffer til konfirmantarbeidet i soknet.
- 05. sept 15. s. i treeiningstida**  
*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*  
Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 11. sept. Laurdag**  
*Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30*  
Konfirmasjon Helland, 2 grupper.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- Vågstranda kyrkje kl. 11.00**  
Konfirmasjon.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 12. sept. 16. s. i treeiningstida**  
*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.  
Utd. av 4-årsbok. Takkoffer til IKO kirkeleg pedagogisk senter.
- 18. sept. Laurdag**  
*Fiksdal kyrkje kl. 10.30*  
Konfirmasjon.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- Vestnes kyrkje kl. 13.00**  
Konfirmasjon Helland, 1 gruppe  
Takkoffer til KRIK Vestnes.
- 19. sept. 17. s. i treeiningstida**  
*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.  
Utd. av 4-årsbok. Takkoffer til Stiftelsen Barnevakten.
- 26. sept. 18. s. i treeiningstida**  
*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Familiegudsteneste. Hausttakkefest.  
Utd. av 4-årsbok. Takkoffer til IKO kyrkeleg pedagogisk senter.
- 03. okt. 19. s. i treeiningstida**  
*Tomrefjord kristne forsamlingshus kl. 11.00*  
Tomasmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- Vike kyrkje kl. 13.00**  
Familiegudsteneste. Hausstakkefest.  
Utd. til 2- og 4-åringar. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.
- 10. okt. 20. s. i treeiningstida**  
*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Bibelselskapet.
- 17. okt. 21. s. i treeiningstida**  
*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.
- 24. okt. 22. s. i treeiningstida**  
*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*  
Familiegudsteneste. Hausstakkefest.  
Utdeling. Takkoffer til Barnevakten.
- 31. okt. Bots og bededag**  
*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.
- 07. nov. Alle helgensdag**  
*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*  
Minnegudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS Møre og Romsdal
- Vestnes kyrkje kl. 11.00**  
Minnegudsteneste.  
Takkoffer til Rådet for psykisk helse.
- Vike kyrkje kl. 13.00**  
Minnegudsteneste.  
Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.
- Fiksdal kyrkje kl. 13.00**  
Minnegudsteneste.  
Takkoffer til Kirkens SOS M og R.
- Tresfjord kyrkje kl. 17.00**  
Minnegudsteneste.  
Takkoffer til diakoniarbeidet i soknet.

### Vippsnr. for ofring:

Vestnes sokn: 108523

Vike sokn: 89676

Tresfjord sokn: 513574

Fiksdal sokn: 555355

Vågstranda sokn: 502022